


ÅRSMELDING OG REKNESKAP

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS



2008

STYRETS ÅRSMELDING 2008

2008 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 21 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunene.

Abonnementfordeling:

Kommune	Hushaldningsabb	Slamabb
Ørsta	4260	972
Volda	3604	497
Sum	7864	1469

Styringsorgan

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 6 møter dette året.

Representantskapens sine medlemar er: Arnfinn Dahl – leiar, Signe Turid Barstad – nestleiar, Anne-Britt Aambø Hallaråker, Astrid Gjersdal, Per Kåre Nasset, Nils Trovåg, Wenche Volle, Jostein O. Mo

Styret sine medlemmer: Ivar Aarskog– leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Aase Margrete Leite, Idar Flo, Magnar Lid (tilsette sin representant).

DRIFTA

Innsamling og avsetning av avfall går bra i 2008. Det meste går til attvinning enten som energiattvinning eller som materialattvinning. Ved energiattvinning er avfallet råvare til produksjon av energi. Ved materialattvinning må avfallsfraksjonane vere reine, og kan då nyttast som råvarer til produksjon av nye materialar.

Nedanfor er ei oversikt over mengder og kvar de blir levert.

Drifta i året er elles prega av to hendingar. Brann i miljøstasjonen den 28.06.08, og start bygging av lager / vaskehall.

Miljøstasjonen vart totalskada i brann natt til 28.06. Dermed miste vi mottaksstasjonen til publikum, verkstaden, pakke og lagerrom for farleg avfall, papirsorteringslinja og alt av verktøy og utstyr vi brukte i den daglege drift.

Vi forsøkte å gjere det beste ut av situasjonen, og prioriterte at kundane fekk levere avfall som normalt. I samband med brannen heldt vi stengt 1 dag.

Etter brannen har vi berre delvis lukkast med å få til rasjonell drift på anlegget, og vil ikkje oppnå det før ny miljøstasjon er i drift. Kundane får brukbar service, men i dagleg drift blir det mykje fram og tilbaketransport og for å få til ei forsvarleg handsaming av avfallet. Når så mykje må handterast under open himmel krev det t.d. langt meir kontinuerleg rydding av flygeavfall på området. Handtering og pakking av farleg avfall vert handtert i den nye lagerhallen. Restane av hallen er no fjerna og tilbodsarbeidet med å få bygt opp ny hall er igangsett.

Etter ferien starta Ivar Aambakk AS med oppbygging av lager og vaskehall. Arbeidet er venta å vere avslutta i mars 2009, og vil gi 300 kvm etterlengta lager og vaskehall. I samband med bygginga vert det utført noko vedlikehald og brannsikring av den eldste delen av administrasjonsbygget. Det vert også montert brannvarslingsanlegg.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2007	2008
Hushaldningsavfall	3779	3762
Papir / papp	1212	1057
Plast	15	30
Glas	170	182
Farleg avfall	67	39
E.E. avfall	304	260
Hageavfall	Ca 1500	Ca 1500
SUM	7047	6830

Blanda avfall frå hushaldningane.

Mengdene restavfall har flata ut siste åra, med ein vekst mindre enn auken i kjøpekraft. I 2008 ser vi at mengdene er tilnærma lik med 2007. Kanskje er det effekten av finanskrisen som slår inn. I heile 2009 blir restavfallet levert til Rekom AS med krav om energiattvinning. Mottakarane er fleire, men det meste har enda på Heimdal hos Trondheim Energiverk.

Papp, papir og drikkekartong.

Innsamla kvantum hos hushaldningane gjekk noko ned i 2008. Første halvår sorterte vi papiret sjølve. Etter brannen kjøpte vi sorteringsteneste hos SSR i Ulsteinvik. På grunn av deira kapasitetsproblem skifta vi over til TCG i Stryn på slutten av året. Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nytt avisepapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

Glas og metall

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull. (Glava) Innsamla mengder glas har auka jamnt og trutt siste åra.

Plast

Plast går til Tyskland for attvinning via Grønt Punkt Noreg som er vår avtalepart. Grønt Punkt har valt attvinning i Tyskland for å oppnå størst mogleg grad av materialattvinning.

Farleg avfall.

Nedgang i mengdene frå 2007 skuldast først og fremst lagersituasjonen pr 01.01.09. Vi hadde mykje på lager som vert levert i løpet av våren 2009. Mengdene farleg avfall inn er på nivå med tidligare år.

Vi har no i alt 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typer elektroavfall.

Slam.

Vi hadde ordinær innsamlingsrunde i 2008 og då med ny entreprenør. Moldskred Renovasjon AS. (MR)

Innsamlinga gjekk greit. Skiftet av entreprenør skapte likevel nokre utfordringar ved at MR starta på runden noko seinare enn det kundane har vore vant med. Dermed var ein ikkje ferdig før nærare jul -08.

Elektrisk Elektronisk avfall.

Innbyggjarane leverte mindre mengder E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2008 i høve 2007. Grunnen til nedgangen er at nye salskjeder i Ørsta Volda har egne returordningar.

Dermed går mindre deler av E.E avfallet innom oss enn tidligere. EE avfallet vert levert via Elretursystemet til attvinning.

Personal, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 13 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2008 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder i 2008 for å avdekke avvik.

Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro-motorar.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nyttilsettingar.

Av våre tilsette er 2 kvinner

VØR hadde 1,8 % korttidsfråvær (< 3 dagar) og 2,8 % fråvær mellom 3 og 16 dagar. Og 4,8 % fråvær over 16 dagar i 2008.

Vi har registrert 5 dagar fråvær på grunn av arbeidsuhell i 2008. Det kom frå 2 hendingar. 3 dagar fråvær etter at ein av sjåførane fall på isen under innsamling. 2 dagar i samband med eit trafikkuhell der ein av bilane køyrde av vegen og vart totalskada. Heldigvis gjekk det relativt bra med sjåføren.

Vi har også hatt eit uhell med forureining til det ytre miljø. Det var oljelekkasje i ein spilloljetank. Med hjelp av eige mannskap og Ørsta Brannvern fekk ein samla dette opp før det rann inn i avløpssystemet. Vi har ikkje registrert andre tilfeller av forureining til det ytre miljø i 2008.

Representasjon.

VØR har saman med Tussa, Enøk, Høgskulen i Volda og Møreforsking delteke i ei styringsgruppe for utvikling av klimaplanar i eigarkommunene våre. Arbeidet vil vere avslutta våren 2009. VØR har også delteke i ei referansegruppe i Avfall Noreg for å utarbeide eit nasjonalt klimarekenskap for avfallsektoren. Arbeidet var avslutta i januar 2009.

Ivar Aarskog, Ann Britt Våge Fannemel, Magnar Lid og Petter Bjørdal deltok på den nasjonale avfallskonferansen i Fredrikstad i juni. Ivar Aarskog og Ann Britt Våge Fannemel representerte VØR på årsmøte og temadagar i Avfallsforum Møre og Romsdal.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon og forskrifter

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava og dei kommunale forskriftene av 30.06.04

Slam

VØR mellomlagrar avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.

ØKONOMI.

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr.

VØR sette ned gebyra i 2008 for å tilbakeføre tidligare års overskot til abonnentane. Også for 2009 er gebyra sette ned.

Reknskapsåret 2008 er spesielt ved at erstatning for brannen stor kr 8.301.086,- er ført til inntekt. Pengane er øymerka til oppattbygging av ny Miljøstasjon og erstatning for utstyr

som brann opp. Dersom pengane blir brukte til andre formål, vil vi få krav om regress på deler av summen.

Årsresultatet av drifta syner eit overskot på hushaldningsrenovasjon på kr 1.165.397,- som vert overført til bunden fond – overskotsfond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit overskot på slam på kr 433.943,-. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene inklusiv påløpte inntekter vert ført eine året, medan mykje av kostnadene er like frå år til år.

Årsresultatet syner eit overskot på kr 559.365,- for området utleigeaktivitetar som vert overført til eigenkapitalen.


VØR hadde eit godt første halvår takka vere eit kostnadseffektivt driftsopplegg, og god utnytting av ressursane. Andre halvår har vi brukt ledige ressursar til naudsynt administrativt vedlikehaldsarbeid og overføring av papirarkiv til elektronisk arkiv. Dette ventar vi skal gi oss auka rasjonalitetsgevist over tid.


Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjulpet oss også i det vanskelege året 2008.

Styret meiner at føresetnaden for fortsatt drift er tilstade.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2008, og takkar dei tilsette for innsatsen.


Hovdebygda 31.03.09



Ivar Aarskog
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar


Aase Margrete Leite


Idar Flo


Odd Martin Svensli
(tilsette sin vararepresentant)


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

VOLDA / ØRSTA REINHALDSVERK IKS

RESULTATREKNESKAP	Note	2008	2007
Driftsinntekter			
Salsinntekt		<u>22 433 306</u>	<u>21 013 755</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		41 021	48 727
Lønnskostnad	2	5 783 228	5 279 336
Avskrivning	3	2 714 905	3 486 519
Annan driftskostnad	2	<u>12 164 788</u>	<u>9 229 844</u>
Sum driftskostnader		<u>20 703 942</u>	<u>18 044 426</u>
Driftsresultat		<u>1 729 364</u>	<u>2 969 329</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekt		991 264	806 772
Finanskostnad		<u>818 270</u>	<u>835 419</u>
Netto finansposter		<u>172 994</u>	<u>- 28 647</u>
Omfram inntekt			
Netto inntekt brannerstatning		<u>8 301 086</u>	<u>0</u>
Årsresultat		<u>10 203 444</u>	<u>2 940 682</u>
Som er nytta til:			
Ovf. fra fond til etterdriftiltak deponi		- 256 348	0
Ovf. til fond for slamhandsaming		433 944	- 430 736
Ovf. til fond for hushaldning		1 165 397	2 542 741
Ovf. til fond for reinvestering etter brann		8 301 086	0
Overført til annan egenkapital		<u>559 365</u>	<u>828 677</u>
		<u>10 203 444</u>	<u>2 940 682</u>

VOLDA / ØRSTA REINHALDSVERK IKS

BALANSE PR. 31. DESEMBER	Note	2008	2007
EIGNELUTER			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar	3	<u>0</u>	<u>18 800</u>
Sum immaterielle egedelar		<u>0</u>	<u>18 800</u>
Varige driftsmiddel			
Grunn, bygningar og annan fast eigedom	3	14 785 515	17 148 390
Driftslausøyre, verkty, kontormaskinar, o.l	3	<u>3 516 610</u>	<u>4 329 539</u>
Sum varige driftsmiddel		<u>18 302 125</u>	<u>21 477 929</u>
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og andelar	6	<u>1 031 717</u>	<u>937 832</u>
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>1 031 717</u>	<u>937 832</u>
Sum anleggsmiddel		<u>19 333 842</u>	<u>22 434 561</u>
Omlaupsmiddel			
Varer	1	<u>22 394</u>	<u>36 444</u>
Fordringar			
Kundefordringar		1 600 971	485 484
Andre fordringar		<u>1 069 042</u>	<u>465 989</u>
Sum fordringar		<u>2 670 013</u>	<u>951 473</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>22 407 393</u>	<u>11 309 949</u>
Sum omlaupsmiddel		<u>25 099 800</u>	<u>12 297 866</u>
Sum egedelar		<u>44 433 642</u>	<u>34 732 427</u>

VOLDA / ØRSTA REINHALDSVERK IKS

GJELD OG EIGENKAPITAL	Note	2008	2007
Eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Fond			
Fond for etterdriftiltak deponi		836 324	1 092 672
Fond for slamhandsaming		898 362	464 418
Fond for hushaldning		8 195 494	7 030 097
Fond for reinvestering etter brann		<u>8 301 086</u>	<u>0</u>
Sum fond		18 231 266	8 587 187
Annann eigenkapital		6 158 946	5 599 581
Sum opptent eigenkapital		<u>24 390 212</u>	<u>14 186 768</u>
Sum eigenkapital		<u>24 390 212</u>	<u>14 186 768</u>
Gjeld			
Annann langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	6	<u>14 455 213</u>	<u>17 066 255</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 506 413	2 499 158
Skyldige offentlege avgifter		499 018	444 659
Annann kortsiktig gjeld		<u>582 786</u>	<u>535 587</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>5 588 217</u>	<u>3 479 404</u>
Sum gjeld		<u>20 043 430</u>	<u>20 545 659</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>44 433 642</u>	<u>34 732 427</u>

Hovdebygda, den 31. mars 2009


Ivar Aarskog
styreleiar


Aase Margrethe Leite
styremedlem


Idar Flo
styremedlem


Ann Britt Våge Fannemel
nesteleiar i styret


Odd Martin Svensli
varamedlem


Petter Bjørndal
dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2008

Note 1 Rekneskapsprinsipp.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og virkelig verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonspliktar er ikkje balanseført – kostnaden er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leiegavtalar er ikkje balanseført, varige driftsmiddel vert som hovedregel avskreve lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

Lønskostnader består av følgjande postar:	2008	2007
Løner:	4 162 057	3 839 427
Folketrygdavgift:	691 320	644 681
Pensjonskostnader:	747 401	621 598
Andre lønskostnader:	182 450	160 741
Sum lønskostnader:	5 783 228	5 266 447

Det har vore 13 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2008.

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre / Rep.skap
Løn:	545 562	167 188
Pensjonspremie:	22 949	
Annan godtgjersle:	17 645	

Årets netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande vis

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året:	712 371
Pensjonskostnad i alt:	712 371

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar i 2008 utgjer kr. 9 280

Note 3 Varige driftsmiddel.

Kostpris 01.01.2008:	44 006 062
Tilgang:	3 848 945
Avgang:	640 666
Kostpris 31.12.2008:	47 214 341
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.2008:	28 912 216
Balanseført verdi 31.12.2008:	18 302 125
Ordinære avskrivningar i året:	2 714 905
Ekstraordinær avskrivning mot brannerstatning:	4 278 133

Note 4 Bundne midlar.

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 284 364.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantsetjingar og garantier.**Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret:**

Gjeld til kredittinstitusjonar:	1 400 003
---------------------------------	-----------

Pantsetjingar og liknande:	Gjeld sikra med garantiar frå eigarane:
Gjeld til kredittinstitusjonar:	14 455 213

Note 6 Eigenkapitaltilskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemene vert belasta for eigenkapitaltilskot. Ein har i 2008 betalt kr. 19 885, som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitaltilskot er no kr. 176 902, medan KLP sitt estimat er kr. 189 509. Norsk Rekneskapsstandard seier at det er den lavaste av desse beløpa som skal nyttast i rekneskopen.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

MOTTEKE	
26 MAI 2009	
ARK.NR.	J.NR. 3089

REVISJONSMELDING FOR 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS for rekneskapsåret 2008 som viser eit årsoverskot på kr.10.203.444,-. Årsrekneskapen, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av verksemda sin rekneskapsførar.

Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at dei utførte revisjonshandlingane gir eit forsvarleg grunnlag og støttar opp om konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i samsvar med god rekneskapsskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslag til anvendelse av årsoverskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter

Larsnes, 25. mai 2009

Halldis Moltu
Halldis Moltu
-registrert revisor-